



Notat

Dato: 18.05.2016
Arkivsak: 2015/12543-6
Saksbehandlar: petbor5

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Forsøk med kombinasjonsklassar

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 07.04.16. I samband med «RS 18/16 Om skuletilbod for flyktningar og asylsøkjjarar i alderen 15 - 18 år» bad utvalsleiar Emil Gadolin om at utvalet vert halde orientert om kombinasjonsklassane.

I tråd med informasjon gjeve i møte er det framleis planar om å starte opp forsøk med kombinasjonsklassar. Formålet med tilbodet er først og fremst at minoritetsspråklege ungdommar mellom 16 og 20 år som har rett til grunnskuleopplæring, kan få tilbod om slik opplæring i ein vidaregåande skule. I Bergen kommune skal forsøket etter planen gjennomførast ved Fyllingsdalen vgs. og organiserast som eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Ein samarbeidsavtale vart signert 11.05.16.

Det vert og arbeid med å få til eit forsøk frå hausten 2016 ved Askøy vgs. i samarbeid med Askøy kommune. Det er venta at ein samarbeidsavtale kan signerast i mai.

I tillegg har fylkesrådmannen tatt initiativ til dialog med skulefagleg ansvarlege i heile fylket for å undersøkje om det frå 2017 kan vere mogleg å gi eit tilbod som dekkjer større delar av fylket etter behov.